

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

**Møtestad:** , Osterøy kommune - Rådhuset

**Dato:** 13.09.2017

**Tidspunkt:** 12:00

**KIRU - utvalsmøte varte fra 12.00 – 16.00 onsdag 13.09**
**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Siri Klokkerstuen	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
May Eva Sandvik	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Neshe Lie	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Margunn Y. Samnøy	Sara Hamre Sekkingstad	SP

**Merknader**

Ingen vara frå H møtte

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David Aasen	Kst. fylkeskonservator
Elisabeth Bjørsvik	Fylkesarkivar
Britt-Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef
Ruth Ørnholz	Fylkesbiblioteksjef
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Eva Katrine Taule	Kst. plansjef regionalavdelinga
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar kultur- og idrettsavdelinga

 Odd Kenneth Mellingen  
 Sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 100/17	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 101/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 102/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 41/17	Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2018 over Kulturbudsjettet	2017/610	
RS 42/17	Tilrettelegging for sykling i Hordaland fylkeskommune	2017/5077	
RS 43/17	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland per 30.06.2017	2014/10180	
RS 44/17	Forventninger til fylkeskommunen i 2018 innenfor helhetlig vannforvaltning, friluftsliv og forvaltning av høstbare arter av vilt og innlandsfisk	2017/4756	
RS 45/17	Prosjekttilskot: Rom for møte 2017	2017/63	
RS 46/17	Friluftsliv - samling for fylkeskommuner og fylkesmenn 2017. Invitasjon til samling.	2017/181	
RS 47/17	Fylkeskulturkonferansen 16. november 2017. Eit kultur- og idrettsliv for alle?	2017/4958	
RS 48/17	Stord maritime museum, vidare drift, tilhøvet til Sunnhordland museum. Melding om vedtak	2016/5225	
RS 49/17	Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Fordeling 2017	2017/869	
RS 50/17	Program sikringsseminar 2017 i Hordaland	2016/34595	
RS 51/17	Status sikringssøknader om statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde (Kap.1420 post 30 2017)	2016/34595	
RS 52/17	Fråsegn - Kommuneplanen sin samfunnsdel - Lindås kommune	2016/5067	
RS 53/17	Plankonferansen 2017 - invitasjon og program	2017/15080	
RS 54/17	Forskningsfylket Hordaland	2017/4973	
PS 103/17	Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskott til regional utvikling 2017-2018	2017/4682	
PS 104/17	Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak av regional plan	2014/11042	
PS 105/17	Vedtak av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2014/17126	
PS 106/17	Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til kommuneplanens arealdel 2017-2027 Samnanger kommune	2017/4387	
PS 107/17	Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.	2014/21474	
PS 108/17	Søknad om løyve til å bygge Valdra kraftverk - fråsegn Hordaland fylkeskommune	2017/6453	
PS 109/17	Søknad om samtykke til etablering av handelsareal til Biletema i Haukås næringspark - Bergen kommune	2016/35091	
PS 110/17	Klage på vedtak om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap	2017/815	
PS 111/17	Svar på klage på vedtak – Ungdomsmila (Knarvikmila)	2017/121	

PS 112/17	Fordeling av spelemediar til Den kulturelle skolesekken for 2017-2018	2017/1892
PS 113/17	Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet	2017/14932
PS 114/17	Folkebiblioteka i Hordaland 2016 - Status og utfordringar	2016/8659
PS 115/17	Tilskot til lokale kulturbrygg 2017	2017/3764
PS 116/17	Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland	2015/869
PS 117/17	Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017	2017/2653
PS 118/17	Folkemusikkstipend 2017	2017/1321 X
PS 119/17	Ymse	

## **PS 100/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

## **PS 101/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 20.06.2017 vart godkjent utan merknader.

## **PS 102/17 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

### **Vedtak**

Til RS 41/17 hadde medlem Gunnar Bakke ønskje om meir informasjon om dei aktørane som søker driftsstøtte .....

Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd svarte. Administrasjonen tek med seg innspela i det vidare arbeidet og vil gjere nødvendige endringar i samband med søknadar for 2019.

Til RS 47/17 og 53/17 stilte medlem May Eva Sandvik spørsmål om praksis for deltaking og påmelding for medlemane i KIRU.

Utvalsleiar Beate Husa orienterte om gjeldande praksis: ved invitasjonar tek utvalet stilling til deltaking. For kulturkonferansen er det naturleg at heile utvalet er tilstades. Medlemane vert kalla inn frå administrasjonen.

Til RS 48/17 stilte medlem Sigbjørn Framnes spørsmål om meldinga gjald drøfting kring framtidig organisering.

Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd orienterte og stadfesta dette.

## **PS 103/17 Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskott til regional utvikling 2017-2018**

### **Forslag til innstilling**

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2017 – 2018

#### **Prosjekt:**

<b>Prosjekt:</b>	<b>Beløp</b>
Nye Hangursbane Hovudprosjekt, byggjetrinn 2.	kr. 1,4 mill.
Lindehuset, finansiering av takprosjekt, byggjetrinn 1.	kr. 0,538 mill.
Voss Aktivitetspark, byggjetrinn 2.	kr. 1,0 mill.
Nothengjo på Hellesøy – restaurert landemerke i Øygarden, byggjetrinn 2.	kr. 2, 035 mill.
Hardangerbadet	kr. 1,5 mill.
Sunde Kyst- og Litteratursenter, byggjetrinn 2.	kr. 2,8 mill.
Etablering av Norsk Natursenter - Hardanger	kr. 1, 6 mill

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Kjell Håland (A) la fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

«Nye Hangursbane Hovudprosjekt, byggjetrinn 2. Voss Aktivitetspark, byggjetrinn 2. Innstilling elles uendra»	kr. 2,0 mill. kr. 0,4 mill.
--	--------------------------------

### Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedtatt mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### Innstilling

- Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2017 – 2018

Prosjekt:	Beløp
Nye Hangursbane Hovudprosjekt, byggjetrinn 2.	kr. 2,0 mill.
Lindehuset, finansiering av takprosjekt, byggjetrinn 1.	kr. 0,538 mill.
Voss Aktivitetspark, byggjetrinn 2.	kr. 0,4 mill.
Nothengjo på Hellesøy – restaurert landemerke i Øygarden, byggjetrinn 2.	kr. 2, 035 mill.
Hardangerbadet	kr. 1,5 mill.
Sunde Kyst- og Litteratursenter, byggjetrinn 2.	kr. 2,8 mill.
Etablering av Norsk Natursenter - Hardanger	kr. 1, 6 mill

- I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

## PS 104/17 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak av regional plan

### Forslag til innstilling

- Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
- Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
- I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V::

«Saken tas til orientering.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Framnes sitt forslag som fekk 4 røyster og fall.

### Innstilling

- Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
- Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.

- I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

## **PS 105/17 Vedtak av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft**

### **Forslag til innstilling**

- Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
- I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

- Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
- I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.09.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

- Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
- I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
- Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

- Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
- I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til gjøre språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

## **PS 106/17 Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til kommuneplanens arealdel 2017-2027 Samnanger kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune ser det som viktig og positivt at Samnanger kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen inkludert sjøareala. Den heilskaplege og tilgjengelege kartløysinga som er utarbeidd for arealdelen er ei god og framtidsretta løysing som legg til rette for god medverknad, informasjonsdeling, innsyn og einsarta sakshandsaming.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til at det i planforslaget vert prioritert å satsa på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn. Dette er i tråd med vedtekne mål og retningslinjer i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028.
3. Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger bør i større grad følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland for å fremja attraktive senter, livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport.  
Planen bør innehalda:
  - Definisjon av senter og senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
  - Ein tydelegare vurdering av behovet for plankrav for sentrumsområdet Haga.
  - Ein tydelegare drøfting og grunngjeving for aktuelle sentrumsutstrekningar i alle sentera i kommunen.
  - Omtale og føresegner om lokalisering av handel.
4. Hordaland fylkeskommune meiner dei regionale interessene for akvakultur kunne vore tydelegare utgreidd og vektlagt. Planen bør innehalde:
  - Ei drøfting av akvakulturnæringen sine noverande og framtidige behov. Det er viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikkje får trong for dispensasjonar etter kort tid, og sikrar næringa fleksibilitet.
  - Ei vurdering om det er fleire område som kan egne seg for akvakultur.
5. Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
6. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) må takast med i planføreseggnene.
7. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
8. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Samnanger mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
  - I «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
  - II «Verneverdigane einskildbygningane og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune ser det som viktig og positivt at Samnanger kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen inkludert sjøareala. Den heilskaplege og tilgjengelege kartløysinga som er utarbeidd for arealdelen er ei god og framtidsretta løysing som legg til rette for god medverknad, informasjonsdeling, innsyn og einsarta sakshandsaming.
2. Hordaland fylkeskommune er positive til at det i planforslaget vert prioritert å satsa på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn. Dette er i tråd med vedtekne mål og retningslinjer i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028.
3. Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger bør i større grad følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland for å fremja attraktive senter, livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport.  
Planen bør innehalda:
  - Definisjon av senter og senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
  - Ein tydelegare vurdering av behovet for plankrav for sentrumsområdet Haga.
  - Ein tydelegare drøfting og grunngjeving for aktuelle sentrumsutstrekningar i alle sentera i kommunen.
  - Omtale og føresegner om lokalisering av handel.
4. Hordaland fylkeskommune meiner dei regionale interessene for akvakultur kunne vore tydelegare utgreidd og vektlagt. Planen bør innehalde:
  - Ei drøfting av akvakulturnæringen sine noverande og framtidige behov. Det er viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikkje får trong for dispensasjonar etter kort tid, og sikrar næringa fleksibilitet.
  - Ei vurdering om det er fleire område som kan egne seg for akvakultur.
5. Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
6. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) må takast med i planføresegnene.
7. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
8. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Samnanger mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegnene, og den mellomalderske delen av kyrkjegården må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframleggget ved endeleg godkjenning:
  - III «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.»
  - IV «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

# **PS 107/17 Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.**

## **Forslag til vedtak**

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminneglede merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:
  - I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.
  - II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
  - III. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6).»
  - IV. Naust ved Hosanger kyrkjested – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjested og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønsker med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå. Det er knytt motsegn til punkt I:
  - I. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Skaftå og Blom vert teke ut av planen, då det i for stor grad vil utfordre framtidig akvakulturaktivitet innafor dagens rammar og tilgjengelege teknologiske løysingar.
  - II. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønsker å støtte kommunen sitt planforslag.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
  - I. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.

- II. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av eit samla utval:

«Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.»

Det var 12 representantar til stades.

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Pkt.5 – siste setning *Det er knytt motsegn til pkt. I* går ut.

Nytt pkt. I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaffå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V:

«Pkt. 2 utgår.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 1, 3, 4 og 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 2 fekk 7 røyster (A, Krf og Sp) mot Framnes sitt forslag som fall. Håland sitt forslag fart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.  
Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynsona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturmingefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:
  - V. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.

- VI. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
- VII. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6).».
- VIII. Naust ved Hosanger kyrkjested – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjested og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Østerøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå.
- III. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.
- IV. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
- III. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
- IV. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i fleirbruksområde utan akvakultur.

## **PS 108/17 Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk - fråsegn Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkeskonseratoren i Hordaland fylkeskommune meiner at resultata etter den arkeologiske registre-ringa bør ligge føre når konsesjonsavgjørda skal fattast. Fylkesutvalet ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonseratoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfest omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.
2. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode le-vetilhøve for fossekall.
3. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røygater og plassering av overskotmassar må tilpassast land-skapet.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling, pkt. 1 vart framsett endra frå kst.fylkesdirektør kultur og idrett til følgjande:

«1. For å unngå unødig konflikt med eventuelle automatisk freda - og andre verneverdige kulturminne seinare i prosessen, ber Fylkesutvalet om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert utført før avgjerd om konsesjon vert fatta.»

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. For å unngå unødig konflikt med eventuelle automatisk freda - og andre verneverdige kulturminne seinare i prosessen, ber Fylkesutvalet om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert utført før avgjerd om konsesjon vert fatta.
2. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossekall.
3. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røygater og plassering av overskotmassar må tilpassast land-skapet.

## **PS 109/17 Søknad om samtykke til etablering av handelsareal til Biletema i Haukås næringspark - Bergen kommune**

### **Forslag til innstilling**

Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gis det ikkje samtykke til etablering av Biletema i Haukås næringspark. Etablering av detaljhandel som Biletema i område for industri og lager, utanfor senterstrukturen, er ikkje i samsvar med føresegna i den regionale planen og fell ikkje inn under unntaksreglane.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

#### **Vedtak**

Saka vart trekt.

## **PS 110/17 Klage på vedtak om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet opprettheld tidlegare vedtak om avslag på søknad om støtte til senior NM i bordtennis 2017. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Søknaden er mangefull i høve presisering av økonomi og finansiering.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet opprettheld tidlegare vedtak om avslag på søknad om støtte til senior NM i bordtennis 2017. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Søknaden er mangefull i høve presisering av økonomi og finansiering.

## **PS 111/17 Svar på klage på vedtak – Ungdomsmila (Knarvikmila)**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld tidlegare vedtak i saka. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Arrangementet vert rekna som ein del av drifta til Knarvikmila.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld tidlegare vedtak i saka. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Arrangementet vert rekna som ein del av drifta til Knarvikmila.

## **PS 112/17 Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for 2017-2018**

### **Forslag til vedtak**

1.	Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.																																																																																																	
2.	Total tildeling på kr 19 142 796 vert fordelt slik: Del skulekonsertar: kr 6 543 027 Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 3 499 769 Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 9 100 000																																																																																																	
3.	Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik: Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 3 755 533 Tildeling til kursregionane: kr 250 000 Hordaland fylkeskommune: kr 5 094 467																																																																																																	
4.	Tildeling til kommunane vert fordelt slik: <table border="1"><tr><td>Askøy</td><td>kr</td><td>311 889</td><td>Meland</td><td>kr</td><td>110 120</td></tr><tr><td>Austevoll</td><td>kr</td><td>103 626</td><td>Modalen</td><td>kr</td><td>26 946</td></tr><tr><td>Austrheim</td><td>kr</td><td>47 385</td><td>Odda</td><td>kr</td><td>94 279</td></tr><tr><td>Bømlo</td><td>kr</td><td>180 308</td><td>Os</td><td>kr</td><td>203 581</td></tr><tr><td>Eidfjord</td><td>kr</td><td>28 975</td><td>Osterøy</td><td>kr</td><td>155 762</td></tr><tr><td>Etne</td><td>kr</td><td>71 572</td><td>Radøy</td><td>kr</td><td>85 765</td></tr><tr><td>Fedje</td><td>kr</td><td>27 781</td><td>Samnanger</td><td>kr</td><td>54 991</td></tr><tr><td>Fitjar</td><td>kr</td><td>61 038</td><td>Stord</td><td>kr</td><td>210 830</td></tr><tr><td>Fjell</td><td>kr</td><td>320 353</td><td>Sund</td><td>kr</td><td>117 342</td></tr><tr><td>Fusa</td><td>kr</td><td>107 914</td><td>Sveio</td><td>kr</td><td>99 776</td></tr><tr><td>Granvin</td><td>kr</td><td>29 691</td><td>Tysnes</td><td>kr</td><td>73 393</td></tr><tr><td>Jondal</td><td>kr</td><td>30 168</td><td>Ullensvang</td><td>kr</td><td>86 290</td></tr><tr><td>Kvam</td><td>kr</td><td>151 053</td><td>Ulvik</td><td>kr</td><td>30 646</td></tr><tr><td>Kvinnherad</td><td>kr</td><td>262 372</td><td>Vaksdal</td><td>kr</td><td>79 997</td></tr><tr><td>Lindås</td><td>kr</td><td>226 119</td><td>Voss</td><td>kr</td><td>218 520</td></tr><tr><td>Masfjorden</td><td>kr</td><td>52 206</td><td>Øygarden</td><td>kr</td><td>94 843</td></tr></table>		Askøy	kr	311 889	Meland	kr	110 120	Austevoll	kr	103 626	Modalen	kr	26 946	Austrheim	kr	47 385	Odda	kr	94 279	Bømlo	kr	180 308	Os	kr	203 581	Eidfjord	kr	28 975	Osterøy	kr	155 762	Etne	kr	71 572	Radøy	kr	85 765	Fedje	kr	27 781	Samnanger	kr	54 991	Fitjar	kr	61 038	Stord	kr	210 830	Fjell	kr	320 353	Sund	kr	117 342	Fusa	kr	107 914	Sveio	kr	99 776	Granvin	kr	29 691	Tysnes	kr	73 393	Jondal	kr	30 168	Ullensvang	kr	86 290	Kvam	kr	151 053	Ulvik	kr	30 646	Kvinnherad	kr	262 372	Vaksdal	kr	79 997	Lindås	kr	226 119	Voss	kr	218 520	Masfjorden	kr	52 206	Øygarden	kr	94 843
Askøy	kr	311 889	Meland	kr	110 120																																																																																													
Austevoll	kr	103 626	Modalen	kr	26 946																																																																																													
Austrheim	kr	47 385	Odda	kr	94 279																																																																																													
Bømlo	kr	180 308	Os	kr	203 581																																																																																													
Eidfjord	kr	28 975	Osterøy	kr	155 762																																																																																													
Etne	kr	71 572	Radøy	kr	85 765																																																																																													
Fedje	kr	27 781	Samnanger	kr	54 991																																																																																													
Fitjar	kr	61 038	Stord	kr	210 830																																																																																													
Fjell	kr	320 353	Sund	kr	117 342																																																																																													
Fusa	kr	107 914	Sveio	kr	99 776																																																																																													
Granvin	kr	29 691	Tysnes	kr	73 393																																																																																													
Jondal	kr	30 168	Ullensvang	kr	86 290																																																																																													
Kvam	kr	151 053	Ulvik	kr	30 646																																																																																													
Kvinnherad	kr	262 372	Vaksdal	kr	79 997																																																																																													
Lindås	kr	226 119	Voss	kr	218 520																																																																																													
Masfjorden	kr	52 206	Øygarden	kr	94 843																																																																																													

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forlag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Total tildeling på kr 19 142 796 vert fordelt slik:  
Del skulekonsertar: kr 6 543 027  
Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 3 499 769  
Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 9 100 000
3. Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:  
Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 3 755 533  
Tildeling til kursregionane: kr 250 000

4. Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

Askøy	kr	311 889	Meland	kr	110 120
Austevoll	kr	103 626	Modalen	kr	26 946
Austrheim	kr	47 385	Odda	kr	94 279
Bømlo	kr	180 308	Os	kr	203 581
Eidfjord	kr	28 975	Osterøy	kr	155 762
Etne	kr	71 572	Radøy	kr	85 765
Fedje	kr	27 781	Samnanger	kr	54 991
Fitjar	kr	61 038	Stord	kr	210 830
Fjell	kr	320 353	Sund	kr	117 342
Fusa	kr	107 914	Sveio	kr	99 776
Granvin	kr	29 691	Tysnes	kr	73 393
Jondal	kr	30 168	Ullensvang	kr	86 290
Kvam	kr	151 053	Ulvik	kr	30 646
Kvinnherad	kr	262 372	Vaksdal	kr	79 997
Lindås	kr	226 119	Voss	kr	218 520
Masfjorden	kr	52 206	Øygarden	kr	94 843

## **PS 113/17 Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune søker Kulturdepartementet om etablering av forsøksprosjekt med regional forvalting av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotek, jf Lov om forsøk i offentlig forvaltning.
2. Fylkestinget bed fylkesrådmannen gå i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune for utforming av felles søknad til departementet.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune søker Kulturdepartementet om etablering av forsøksprosjekt med regional forvalting av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotek, jf Lov om forsøk i offentlig forvaltning.
2. Fylkestinget bed fylkesrådmannen gå i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune for utforming av felles søknad til departementet.

## **PS 114/17 Folkebiblioteka i Hordaland 2016 - Status og utfordringar**

### **Forslag til innstilling**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek statusrapporten til vitande.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at gode folkebibliotek er ein føresetnad for lokal demokratibygging. Utvalet oppmodar difor kommunane i Hordaland om å styrke biblioteka slik at dei kan ta i vare heile breidda i samfunnsoppdraget sitt: som formidlar av kunnskap og kultur, og som lokal møteplass.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane vert oppmoda om å prioritere styrkja grunnfinansiering av biblioteka.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek statusrapporten til vitande.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at gode folkebibliotek er ein føresetnad for lokal demokratibygging. Utvalet oppmodar difor kommunane i Hordaland om å styrkje biblioteka slik at dei kan ta i vare heile breidda i samfunnsoppdraget sitt: som formidlar av kunnskap og kultur, og som lokal møteplass.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane vert oppmoda om å prioritere styrkja grunnfinansiering av biblioteka.

### **PS 115/17 Tilskot til lokale kulturbrygg 2017**

#### **Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 3 167 480,- over budsjettpost 400.440 til spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2017:

<b>SØKNAD</b>	<b>EIGAR</b>	<b>TILDELING</b>
1 Heiarvang Grendahus	Heiarvang grendalag og Træet skulemusikkorps	240 000
2 Kulturfabrikken	Hetlevikalliansen	300 000
3 Ravnanger grendahus	Askøy kommune	0
4 Kulturhuset Sentrum	Kulturhuset Sentrum	138 000
5 Oppgradering av lager	Moster tur- og sogelag	0
6 Husflidstovo oppgradering	Bømlo husflidslag	0
7 Jonsvoll/Jondal ungdomshus	Jondal Ungdomslag	216 000
8 Haugatun Samfunnshus	Strandebarm ungdomslag	286 000
9 Rosendal samfunnshus	Rosendal Samfunnshus L/L	300 000
10 Dalheim ungdomslaghus	Omvikdalen Ungdomslag	0
11 Ombygging av Skaalurensamlinga	Rosendal skipsbyggjarmuseum	0
12 Vonheim	Ungdomslaget Von	275 000
13 Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	Stiftelsen Os Eldresenter	0
14 Ungdomshuset Skogheim	Ungdomslaget Vårvin	126 000
15 Vognhallen	Os kulturutvikling	200 000
16 Samfunnshuset Skogen	Samfunnshuet Skogen	230 000
17 Samnanger bibliotek	Samnanger kommune	500 000
18 Sjøhus i Buavåg	Sveio kommuine	0
19 Vines skule	Vines bygdalag	120 000

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler Kr 2 931 000,- over budsjettpost 400.440 til spelemidlar til lokale kulturbrygg i 2017:

	SØKNAD	EIGAR	TILDELING
1	Heiarvang Grendahus	Heiarvang grendalag og Træet skulemusikkorps	240 000
2	Kulturfabrikken	Hetlevikalliansen	300 000
3	Ravnanger grendahus	Askøy kommune	0
4	Kulturhuset Sentrum	Kulturhuset Sentrum	138 000
5	Oppgradering av lager	Moster tur- og sogelag	0
6	Husflidstovo oppgradering	Bømlo husflidslag	0
7	Jonsvoll/Jondal ungdomshus	Jondal Ungdomslag	216 000
8	Haugatun Samfunnshus	Strandebarne ungdomslag	286 000
9	Rosendal samfunnshus	Rosendal Samfunnshus L/L	300 000
10	Dalheim ungdomslaghus	Omvikdalen Ungdomslag	0
11	Ombygging av Skaalurensamlinga	Rosendal skipsbyggjarmuseum	0
12	Vonheim	Ungdomslaget Von	275 000
13	Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	Stiftelsen Os Eldresenter	0
14	Ungdomshuset Skogheim	Ungdomslaget Vårvon	126 000
15	Vognhallen	Os kulturutvikling	200 000
16	Samfunnshuset Skogen	Samfunnshuset Skogen	230 000
17	Samnanger bibliotek	Samnanger kommune	500 000
18	Sjøhus i Buavåg	Sveio kommunine	0
19	Vines skule	Vines bygdalag	120 000

## PS 116/17 Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland

### Forslag til innstilling

Eit føremål med ei slik evaluering er at den kan gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. I tillegg vil ho vere eit viktig reiskap for dei ti konsoliderte musea i høve eigne prioriteringar og strategiar.

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellesinteresser kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikkutforming og satsing i åra 2019-2025. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

Kjell Håland (A) hadde følgjande forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

«Nytt pkt. 3:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikkutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrke friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar. «

### Røysting

Fylkesrådmanne sitt forslag til pk.1,2 og 4 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til pkt.3 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

## **Innstilling**

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland til vitande.*
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikkutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringer.

## **PS 117/17 Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler løyvinga på kr 2 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2017 slik:

Stord kommune	Stord Hestesportsenter	kr 1 000 000
Stord kommune	Vikahaugane ishall	kr 1 000 000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saka vert utsett til neste møte.»

### **Røysting**

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte.

## **PS 118/17 Folkemusikkstipend 2017**

## **PS 119/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

### *Presentasjonar*

Hardingfela.no vart presentert av prosjektleiar Ranveig Djønne, Magni Rosvold frå Folkedans i Hordaland og rektor Jo Asgeir Lie frå Ole Bull-akademiet.

Elles ingen saker.